



Årdal kommune
Statsråd Evensensveg 4
6885 Årdalstangen

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Årdal kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Årdal kommunestyre har i møtet 16.12.2021, sak 72/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025.

Årdal kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustad-sosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Årdal høge inntekter, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, må kommunestyret gjennomføre tiltak og følgje opp eiga målsetjing om å oppnå netto driftsresultat som over tid ligg på 1,75 prosent. Med eit slikt resultat kan kommunen sikre den økonomiske handleevna, gjennom å ta vare på sin formue, oppretthalde ein buffer i drifta og ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Det siste er nødvendig for å snu utvikling med ei aukande lånegjeld, og oppnå kommunestyret si målsetjing for lånegjelda.

Budsjett 2022

Etter førebelse Kostra-tal for 2021¹ fekk kommunen eit netto driftsresultat på 1,2 mill. kroner. Det utgjør 0,2 prosent av driftsinntektene. Etter at det netto vart avsett 12,1 mill. kroner til bundne fond

¹ Konsern-tal for kommunekassen med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.



(bruk 27,1 og avsetjing 15 mill. kroner), er avsetjinga til disposisjonsfond 13,3 mill. kroner. Det betyr at det korrigerte driftsresultatet er betre enn det ordinære. Disposisjonsfondet er ved utgangen av 2021 på 25 mill. kroner, som er 4 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 13,7 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot er budsjettert med 366,7 mill. kroner, som tilsvarar KS-prognosen etter budsjettvedtaket til Stortinget og oppdaterte folketal per 01.01.2022.

Inntektene for eigedomsskatt er budsjetterte til 60,7 mill. kroner, medan faktisk inntekt i 2021 var 61,7 mill. kroner. Konesjonsavgifter er lagt inn med 5,9 mill. og sal av konsesjonskraft 5 mill. kroner. Netto finansutgifter er budsjettert med 27,2 mill. kroner. Av dette 4,5 mill. kroner i utbytte frå Årdal Energi Kraftlag AS. Faktisk netto finansutgift i 2021 var 25,7 mill. kroner. Netto driftsresultat er etter dette på 1,3 mill. kroner, eller 0,2 prosent av driftsinntektene. I disponering av resultatet skal det avsetjast kr 154 000 til bundne fond og 1,1 mill. kroner til disposisjonsfond.

Kommunen har planlagt investeringar i varige driftsmiddel for til saman 33,5 mill. kroner. Investeringane er finansierte med nytt lån på 28,9 mill. kroner, momskompensasjon 4,4 mill. og bruk av bundne investeringsfond 0,2 mill. kroner. Lånefinansiering til brukarbetalte VAR-anlegg gjennom avgifter utgjer 11,5 mill. kroner. Til vidare utlån er det er budsjettert med 10 mill. kroner i nytt startlån frå Husbanken. Kommunen skal òg betale inn eigenkapitalinnskot til KLP. Dette er berekna til 1,9 mill. kroner, og blir dekt med bruk av ubundne kapitalfond.

Ved siste årsskifte hadde kommunen som konsern ei langsiktig lånegjeld på 490 mill. kroner, som utgjorde 79 prosent av driftsinntektene. I 2021 var landsgjennomsnittet utan Oslo 115 prosent². Netto renteeksponering for Årdal ligg på 35,7 prosent av totale driftsinntekter, gjennomsnitt for landet utan Oslo er 49,8 prosent³.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanen sin handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanperioden aukar sum driftsinntekter frå 581 mill. i 2022 til 588 mill. kroner i 2025. Auken er størst for rammetilskot og skatteinntekter, medan det er lagt inn ein reduksjon med nedtrapping av eigedomsskatten, som følgje av endringane for taksering av verk og bruk som vart gjort gjeldande frå 2019. I tillegg fører nye maksimale skattesatsar for bustad- og fritidseigedomar til reduserte inntekter. Gevinst for sal av konsesjonskraft er auka med 4 mill., til 10 mill. kroner i 2025. Sum driftsutgifter er reduserte med 7,5 mill. kroner, som fordelar seg på lønsutgifter og kjøp av varer og tenester. Netto finansutgifter aukar frå 30,6 mill. i 2022 til 37,4 mill. kroner i 2025. I dette ligg det òg at budsjetterte utbytte ikkje ført vidare etter 2023.

Årleg netto driftsresultat er frå 2023 auka til 5,4 mill. kroner, og har dette nivået resten av økonomiplanperioden. Dette gjev eit gjennomsnitt for perioden på 0,8 prosent av driftsinntektene.

² Konsern-tal for kommunekassen med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.

³ For Årdal betyr det at ein renteauke på ein prosent isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med 0,5 prosent av driftsinntektene.



Etter ei mindre avsetjing til bundne fond, blir det avsett 17,4 mill. kroner til disposisjonsfond. Det betyr ei oppbygging av disposisjonsfondet til å utgjere om lag 7 prosent av budsjetterte driftsinntekter i 2025.

I heile økonomiplanperioden 2022 – 2025 er det planlagt investeringar i varige driftsmiddel for 293 mill. kroner. Prosjektet strukturelle investeringar innanfor omsorg (omsorgssenter) er det klart største, med til saman 200 mill. kroner fordelt utover i heile økonomiplanperioden. Av investeringane skal 241 mill. kroner bli finansiert med nye lån, der 39 mill. kroner utgjer lån til investeringar i VAR-anlegg. Avdrag er budsjettert med 117 mill. kroner (utan avdrag for startlån). Brutto lånegjeld aukar til om lag 107 prosent av driftsinntektene.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Årdal kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,75 prosent
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: < 75 prosent
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: > 5 prosent

Etter vedtaket til kommunestyret for budsjett- og økonomiplan, er måltala i prosent av inntekter berekna til:

	Mål	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat	1,75 %	0,4 %	1,1 %	1,1 %	1,1 %
Netto lånegjeld ¹⁾	< 75 %	81 %	81 %	84 %	95 %
Disposisjonsfond	> 5 %	2,8 %	3,9 %	4,9 %	6 %

¹⁾ Netto lånegjeld i Kostra: Langsiktig lånegjeld (eks. pensjonsforpliktingar) med fråtrekk for totale utlån og unytta lånemidlar.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Årdal høge inntekter, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, må kommunestyret gjennomføre tiltak og følgje opp eiga målsetjing om å oppnå netto driftsresultat som over tid ligg på 1,75 prosent. Med eit slikt resultat kan kommunen sikre den økonomiske handleevna, gjennom å ta vare på sin formue, oppretthalde ein buffer i drifta og ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Det siste er nødvendig for å snu utviklinga med ei aukande lånegjeld, og oppnå kommunestyret si målsetjing for lånegjelda.

Vi tilrår òg at kommunen gjer ein nærmare analyse av lånegjelda, som å vurdere utvikling av netto renteksponering sett i samanheng med korleis auka lånegjeld belastar drifta med følgjer for tenestetilbodet til innbyggjarane.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent